



Korleis vert rekrutteringa av uskedelingar framover?

**Folketalet gjekk ned med 14 i Uskedalen i fjor, frå 1061 til 1047, og i heile kommunen var det ein reduksjon frå 13 315 til 13 256 når ein reknar frå dei 41 som er overført til Jondal. Omvikdalen auka frå 738 til 763 medan Bringedalsbygda gjekk attende frå 625 til 623.**

Ser ein imidlertid på tala for vår bygd i eit lengere perspektiv er dei slett ikkje negative. I 1970 var det 923 uskedelingar og 30 år seinare var talet auka til 972.

Sidan har det variert litt men i 2006 vart 2000 nådd og etterpå har folketalet vore 1014 i 2007, 1037 i 2008, 1027 i 2009, 1025 i 2010 og 1028 i 2011. Uskedalen ligg no på femteplass av krinsane med Rosendal like foran med 1064. Dei gjekk også attende med 24 i fjor

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen